





SYKKYLVEN KOMMUNE

# Landbruksplan

2015 – 2020

Vedteke i kommunestyret, 19.09.2016



## Innhald

|                                                 |                   |
|-------------------------------------------------|-------------------|
| 1. INNLEIING .....                              | 3                 |
| 2. OVERORDNA FØRINGAR .....                     | 4                 |
| 4. MÅL FOR LANDBRUKET I KOMMUNEN .....          | 8                 |
| 5. UTFORDRINGAR, STRATEGIAR OG TILTAK .....     | 8                 |
| 5.1 .Jordvern .....                             | 9                 |
| 5.2. Bruksstruktur og leigejord.....            | 19                |
| 5.3. Rekruttering .....                         | 19                |
| 5.4. Landbruksrelaterte bygdenæringar .....     | 20                |
| 5.5. Økologisk landbruk .....                   | 21                |
| 5.6. Kulturlandskap og biologisk mangfald ..... | 23                |
| 5.7. Skogbruk.....                              | 24                |
| 5.8. Anna .....                                 | 24                |
| 6. VEDLEGG .....                                | 25                |
| 6.1. LANDBRUKET I SYKKYLVEN (STATISTIKK) .....  | 26                |
| 6.1.1. Naturgrunnlaget.....                     | 26                |
| 6.1.2. Bruksstruktur .....                      | 27                |
| 6.1.3. Skogbruk .....                           | 31                |
| 6.1.4. Bygdenæringar .....                      | 32                |
| 6.1.5. Vilt .....                               | 33                |
| 6.1.6. Fiske .....                              | 33                |
| 6.1.7. Verdiskaping og arbeidsplasser .....     | 33                |
| 6.1.8. Leigejord.....                           | 35                |
| 6.1.9. Kommunen som landbruksmynde .....        | 36                |
| 6.2. SMIL- STRATEGI.....                        | sjå eige dokument |
| 6.3. KJERNEOMRÅDE LANDRUK (KART).....           | sjå eige dokument |

# 1. INNLEIING

## 1.1. Kvifor ny landbruksplan?

I 1994 vart ansvaret for den lokale landbruksforvaltninga overført frå stat til kommune. Samstundes vart kommunen, gjennom jord- og skoglova, tillagt ei sjølvstendig rolle som landbruksmynde med ansvar for behandling av landbrukssaker.

I stortingsmelding nr. 19 «Om norsk landbruk og matvareproduksjon» vart kommunane oppfordra til å setje landbruket på den politiske agendaen ved å utarbeide tiltaksretta miljø- og ressursplaner for landbruket. Sykkylven tok utfordringa og vedtok sin første landbruksplan i 2004.

Sidan 2004 har det skjedd store forandringar innanfor landbruksforvaltninga. Med delegering av mynde på stadig nye og meir omfattande arbeidsområde, har kommunen fått eit større ansvar å forvalte den nasjonale landbrukspolitikken lokalt, både på det økonomiske og juridiske området. Det er difor nødvendig å revidere landbruksplanen med omsyn til dei ansvarsområda kommunen har fått.

*Landbruksplanen for Sykkylven er eit forvaltningsverktøy til bruk i den daglege sakshandsaminga og den langsiktige arealforvaltninga i kommunen. Planen skal vere rettleiande for korleis lover og forskrifter blir oppfatta og forvalta lokalt. Med utgangspunkt i dei nasjonale mål er det viktig at kommunen formulerer eigne mål for korleis landbruket i kommunen skal vere, og korleis areal-ressursane bør forvaltast.*

*Landbruket er ei mangfaldig næring som i tillegg til eigen verdiskaping også legg til rette for andre næringar som til dømes reiseliv, kultur og anna industri. Målet med landbruksplanen er å avdekke styrkar og svakheitar i landbruksnæringa og forvaltninga lokalt, for å utvikle eit meir robust og tilpassingsdyktig landbruk. Planen skal fange opp idear og tiltak som kan gi næringa best mogleg utvikling innanfor dei rammene staten set.*

## 1.2. Korleis er planen bygd opp?

Landbruksplanen for Sykkylven er ein temaplan som ikkje har nokon formell status i høve til plan- og bygningslova. Planen består av ein statusdel og ein handlingsplan, med konkrete satsingsområde og tiltak som landbruksnæringa og det offentlege kan jobbe saman om i fellesskap.

I tillegg inneheld planen retningslinjer for den lokale sakshandsaminga og den langsiktige arealforvaltninga i kommunen.

## 1.3. Organisering

Landbruksplanen er utarbeida av Landbrukskontoret i samarbeid med lokale faglag. Arbeidsgruppa har bestått av representantar frå: (1) Bondelaget, (2) Bonde- og småbrukarlaget, (3) Sau og Geit, (4) Landbrukskontoret og (5) Nærings- og utviklingsutvalet. I tillegg har det vore halde eit folkemøte og ei brukarundersøking. Planen skal rullerast etter behov. Handlingsplanen skal oppdaterast minst ein gong kvart 4. år.

## 2. OVERORDNA FØRINGAR

### 2.1. Nasjonale føringar

Hovudmålet i landbruks- og matpolitikken er å halde ved lag eit levande landbruk over heile landet. Politikken skal gje grunnlag for auka verdiskaping og livskvalitet basert på ei berekraftig forvaltning av landbruket og bygdene sine ressursar. Regjeringa sine ambisjonar for landbruks- og matpolitikken er tydeleggjort i stortingsmelding nr. 9 (2011-2012) «*Velkommen til bords*».

| Matsikkerheit                             | Landbruk over heile landet                               | Auka verdiskaping                                  | Berekraftig landbruk                               |
|-------------------------------------------|----------------------------------------------------------|----------------------------------------------------|----------------------------------------------------|
| Auka berekraftig matproduksjon            | Sikre bruk av landbruksareal                             | Konkurransedyktige verdikjedar og robuste einingar | Beskytte arealressursane                           |
| Trygg mat og fullverdig kosthald          | Styre og bidra til sysselsetting og busetting            | Gode kompetansemiljø                               | Produksjon av miljøgode                            |
| Ivareta forbrukarinteresser               | Politikk tilpassa regionale moglegheiter og utfordringar | Konkurransedyktige inntekter                       | Sikre naturmangfald                                |
| Noreg som konstruktiv internasjonal aktør |                                                          |                                                    | Klimautfordringar – landbruket ein del av løysinga |
| Vidareutvikle Noreg som matnasjon         |                                                          |                                                    | Redusere forureiningar frå landbruket              |

Figur 1: Hovud- og delmål for norsk landbruks- og matpolitikk

#### Jordvern

St.meld. 9 trekker fram jordvern som eit viktig mål for regjeringa. For å oppnå matsikkerheit, basert på norske ressursar, er det viktig med eit restriktivt jordvern.

*«Jordbruket er en arealbasert næring som er avhengig av mengden og kvaliteten på jordressursene, den dyrka og dyrkbare marka og beiteressursene i inn- og utmark. Den globale matsituasjonen er også bakteppe når vil skal vurdere den fremtidige matproduksjonen i Norge. Kornarealene, og spesielt matkornarealene, er en viktig faktor for Norges matsikkerhet og selvforsyningsgrad. Med landets begrensende areal for matproduksjon er det viktig med et sterkt jordvern og en politikk som utnytter jordbruksarealet.»*

#### Skogbruk

Skognæringa er viktig for Noreg. Eit aktivt og lønnsamt skogbruk og ein konkurransedyktig skogindustri har betydning for busetting, sysselsetting og næringsutvikling i store delar av landet. Potensialet for auka verdiskaping er stort.

Skogpolitikken skal legge til rette for ei berekraftig ressursforvaltning, der hogsten ikkje overgår tilveksten, og der ein tar omsyn til andre viktige oppgåver skogen har - som leveområde for planter og dyr, rekreasjonsarena for menneske, og som lager av karbon.

Målet er å auke verdiskapinga ved å legge til rette for auka produksjon av trevirke, bioenergi og andre produkt og tenester knytt til skog.

## 2.2. Regionale føringar

### Landbruksmeldinga for Møre og Romsdal

Landbruksmeldinga for Møre og Romsdal vart vedteken i desember 2012. Hovudmålet i meldinga er at *“Møre og Romsdal skal ha eit berekraftig og synleg landbruk over heile fylket”*.

Dette inneber:

- å auke mat-, trevirke-, energi og tenesteproduksjon minst i takt med etterspurnaden (auken skal i størst muleg grad vere basert på lokale ressursar)
- beredskap gjennom trygg produksjon av landbruksvarer
- rammevilkår som sikrar inntekt og rekruttering
- eit mangfald av produksjonar og bruksstrukturar
- å sikre produksjons grunnlaget, både areal og menneskelege ressursar
- å styrke produksjonsmiljø og klynger

I meldinga er det definert 13 delmål, med tilhøyrande tiltak.

### Regionalt næringsprogram for Møre og Romsdal

Fylkesmannen har i samarbeid med Innovasjon Norge, Møre og Romsdal fylkeskommune og bøndene sine organisasjonar utarbeida ein strategi for landbruksbasert næringsutvikling og bruk av bygde-utviklingsmidlane.

Målet med næringsprogrammet er å støtte opp under positive tiltak og bidra til ei økonomisk berekraftig utvikling i landbruket. Programmet skal leggast til grunn for regional forvaltning av desse ordningane:

- Midlar til utgreiings- og tilretteleggingstiltak
- Midlar til investering og bedriftsutvikling i landbruket
- Utviklingsprogrammet for lokalmat og grønt reiseliv
- Bioenergiprogrammet
- Innovativ bruk av tre

### Møre og Romsdal fylkeskommune

Fylkesplanen, utarbeida av Møre og Romsdal fylkeskommune, skal vere retningsgjevande for kommunal planlegging og forvaltning. I «Fylkesplan for Møre og Romsdal 2013-2016» er det bl.a. gjeve følgjande føringar:

*«Landbruket står i ei særstilling i Møre og Romsdal. Næringa forvaltar store fellesverdiar ut over det å produsere mat og trefiber. Eit aktivt landbruk skaper levande bygder og allsidig sysselsetting. Vi må legge til rette for å sikre produksjonsgrunnlaget og styrke produksjonsmiljø og klynger.*

*Areal- og naturressursane skal forvaltast på ein måte som gjev grunnlag for næringsutvikling, samtidig som miljø og arts mangfald vert teke vare på. Verdiskaping frå landbruk, fornybar energi og sjømat skal aukast.»*

### **3.3. Lokale føringar**

#### **Kommuneplanen sin samfunnsdel**

Kommuneplanen for Sykkylven har 8 satsingsområde:

- Skaparglede
- Folkehelse og trivsel
- Sentrumsutvikling
- Bumiljø
- Næringsliv og varierte arbeidsplasser
- Regionalt samarbeid
- Kommunikasjon
- Attraktivitet og omdømmebygging

I tillegg er det gitt retningslinjer i arealdelen. Sett frå landbruket si side er dei mest aktuelle satsingsområda for næringa «Skaparglede», «Næringsliv og varierte arbeidsplasser» og «Bumiljø», samt arealdelen i kommuneplanen.

#### **Næringsplanen for Sykkylven**

Næringsplanen for Sykkylven er eit styrings- og oppfølgingsreiskap for kommunen og lokale næringsansvarlege. Planen gjev uttrykk for følgjande:

*«Jordbruket si viktigaste oppgåve må framleis vere å produsere rein mat av høg kvalitet. For å kunne gi muligheit for fortsatt drift og for å ta vare på jordbruksareal og fortsatt busetting på gardsbruk, har drivarar av jordbruk mulegheit for å kunne få økonomisk stønad til utvikling av attåtnæring til jordbruket, men også moglegheit for stønad til familiemedlemar som vil starte verksemd, som kan gi muligheit for fortsatt å bli buande i bygda.»*

*«Det må leggjast til rette fr at landbruket framleis kan gi grunnlag for busetnad i kommunen, og sysselsetjinga bør oppretthaldast».*





## 4. MÅL FOR LANDBRUKET I KOMMUNEN

Norsk landbruk skal bidra til å oppfylle viktige samfunns mål som trygg matproduksjon og matforsyning, stabil busetting i distrikta, ei berekraftig ressursforvaltning, eit levande kulturlandskap og ei verdiskaping som kan bidra til å oppretthalde sysselsettinga på bygdene.

I store trekk er landbruket i Sykkylven styrt av den sentrale landbrukspolitikken gjennom dei rammevilkår og retningslinjer som blir fastlagt sentralt. Lokale målsettingar må difor vere at vi kan legge best mogleg til rette for eit levedyktig lokalt landbruk innan for dei rammene staten til ei kvar tid fastset.

Dette inneber m.a. at vi:

- må sikre areal å drive landbruk på, dvs. at vi kan gi næringa lokalt ei stabil, langsiktig forsikring om at det viktigaste grunnlaget for framtidig drift vert sikra
- arbeider for å tilpasse næringar lokalt nye trendar
- legg vekt på å formidle kunnskap
- arbeider for å utnytte dei økonomiske verkemidla i landbruket på ei til ei kvar tid best mogleg måte

### Hovudmålsettingar for landbruket i kommunen:

1. Det er eit mål å auke dagens nivå i landbruket i kommunen.
2. Det er eit mål å halde jordbruksareala i hevd i kommunen, både ut frå beredskapsomsyn og ut frå landskapsestetiske omsyn.

Desse målsettingane skal gjenspeglast i kommunal planlegging og leggest til grunn for framtidig utvikling.

## 5. UTFORDRINGAR, STRATEGIAR OG TILTAK

I samband med folkemøtet 09. september 2014 vart det utarbeida ei SWOT- analyse for landbruket i Sykkylven.

Ei SWOT-analyse er eit verktøy som er mykje brukt i forbindelse med strategiarbeid i næringslivet. Dei fire bokstavane «SWOT» representerer forbokstaven i dei engelske orda strengths (styrker), weaknesses (svakheitar), opportunities (muligheiter) og threats (truslar). Formålet med ei slik analyse er å kartlegge styrker og svakheitar i eit system, samt å identifisere moglegheiter og trugsmål i framtida. Ei SWOT analyse kan gje grunnlag for å treffe viktige strategiske val i ein plan- og utviklingsprosess, samt å gje ein felles forståing for dagens situasjon og framtidige utfordringar.



## STYRKER

- Sterke fagmiljø/Kompetanse
- Engasjert lokalmiljø/godt samhold
- Nydyrking
- Aktive faglag
- Utmarksressursar
- Kort avstand til by og turistattraksjonar (marknad for lokale varer)
- Godt etablert økomiljø
- Kulturlandskap og sætrar
- Tømmerkai
- Drift med bevaringsverdige kurasar

## SVAKHEITAR

- Topgrafi og klima
- Arrondering/ store avstander
- Mykje leigejord
- Liten og sårbar landbruksforvaltning
- Manglande gjerding mot utmark
- Marginale areal går ut av drift
- Hjortestamme
- Svak heilskapleg profilering av regionen
- Manglande rekruttering / generasjonsskiftet skjer for seint
- Få avløysarar



- Turisme
- Omdømmebygging
- Landbruksrelatert næringsutvikling (lokal mat, Inn på TUNET, andelslandbruk o.l.)
- Betre samhandling
- Utmarksressursar
- Betre utnytting av husdyrgjødsel
- Hjortestamme
- Betre marknadsføring/ profilering av regionen

- Omdisponering av jord
- Nasjonal politikk
- Dårlig lønnsemd
- Prisstigning på innsatsfaktorar
- Stor arbeidsbyrde
- Einsomheit
- Prispress på mat
- Gammalt driftsapparat
- Fråflytting/sentralisering
- Lausdriftskrav (2024)
- Hjortestamme



## MOGLEGHEITER

## TRUSLAR

Basert på SWOT- analysen har kommunen kome fram til følgjande tiltaksområde for landbruket i kommunen: (Prioriterte tiltak er utheva med kursiv skrift).

### 5.1 .Jordvern

Dyrka og dyrkbar jord er ein grunnleggande ressurs for å sikre matforsyninga til den norske befolkninga. På landsbasis er kun 3 % av landareala dyrkamark. Dette svarer til om lag 2,2 daa dyrkamark

per innbygger. Til samanlikning er det i Sverige og Finland ca. 7,5 prosent dyrka mark. Ingen andre land i Europa har lågare andel dyrkamark. Det er difor viktig å verne dei arealressursane vi har.

Årleg vert det bygd ned ca. 10 000 daa med matjord i Noreg, dette svarer til om lag 1550 fotballbaner. Også i Sykkylven har det vore press på produksjonsareala gjennom tida. I perioden 2005 - 2012 vart det omdisponert 438 daa dyrka/dyrkbar jord i Sykkylven. Dette rangerer oss på plass 7 over kommunane som omdisponerer mest landbruksjord i Møre og Romsdal. Skal landbruket i Sykkylven haldast oppe og gjerne auka matproduksjonen, gje ringverknader gjennom auka foredling og omsetnad, og sikre busetnad i alle delar av kommunen, må dei produktive areala skjermast mot nedbygging. Dette gjeld både dyrka mark, og utmark med høg produksjonsevne og avgjerande verdi for husdyrhaldet. Mykje av nedbygginga føregår ofte der jorda si produksjonsevne er størst, dette fordi tettstadane gjerne vart etablerte rundt dei beste areala med dyrka jord frå gammalt av. I tillegg er det samanheng mellom gode veksttilhøve og tal soltimar, som igjen har samanheng med kor folk gjerne vil bu.



### 5.1.1. Jordvernstrategi

1. Utbygging skal i utgangspunktet ikkje skje på dyrka eller dyrkbar jord.
2. Utbygging bør i størst mogleg grad skje som fortetting i område som allereie er utbygd eller på areal som er regulert til utbygging.
3. Sentrumsnære utbyggingsareal bør ha høg utnyttingsgrad.
4. Det må jobbast mot å etablere klare og langsiktige grensar mellom landbruksområde og tettstadene.

### 5.1.2. Retningslinjer

| Deling av landbrukseigedom |                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                               |
|----------------------------|-----------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------|
| Heimel                     | Jordlova § 12; « <i>Deling av eigedom som er nytta eller kan nyttast til jordbruk eller skogbruk må godkjennast av departementet. Det same gjeld forpaking, tomtefeste og liknande leige eller bruksrett til del av eigedom når retten er stifta for lengre tid enn 10 år eller ikkje kan seiast opp av eigaren (utleigaren). Med eigedom meiner ein òg rettar som ligg til eigedomen og partar i sameige. Skal dyrka jord takast i bruk til andre formål enn jordbruksproduksjon, eller skal dyrkbar jord takast i bruk slik at ho ikkje vert eigna til jordbruksproduksjon i framtida, kan samtykke til deling ikkje givast utan at det er gitt samtykke til omdisponering etter § 9.</i> » |
| Bakgrunn                   | Føremålet med jordlova er å verne produktive areal. Det er eit viktig nasjonalt mål at produktive areal ikkje vert tatt i bruk til føremål som ikkje tek sikte på jordbruksproduksjon. Driftseiningane i landbruket skal styrkast. Jordlova skal sikre og samle ressursane for nåverande og framtidige eigarar.                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                               |
| Behandling                 | Deling av landbrukseigedom skal behandlast både etter jordlova og plan- og bygningslova.<br><br>Gebyr for delingssaker etter jordlova: <ul style="list-style-type: none"><li>- Kr 1075 (kurante saker)</li><li>- Kr2000 (andre saker)</li></ul>                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                               |
| Retningslinjer             | I utgangspunktet skal landbrukseigedom ikkje delast. Samtykke til deling kan likevel gjevast dersom eit av følgjande vilkår er oppfylt (1) delinga legg til rette for ein tenleg og variert bruksstruktur, (2)                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                |

delinga vil ivareta omsynet til busetjinga i området. I tillegg skal det leggjast vekt på følgjande moment i delingssaka:

- Jord i kjerneområde landbruk skal ha eit særskilt sterkt vern mot frådeling til andre formål.
- Frådeling som fører til fortetting i eksisterande tettstadsområde er normalt mindre konfliktylt enn omdisponering i område med lite eller ingen landbruksframand verksemd.
- Deling av eigedom med formål om å selje produksjonsareala som tilleggsjord, vert oppfatta som positivt. Resterande bustadeigedom bør ha ein storleik som er naturleg i forhold til tun, arrondering og tilkomstveg.
- Frådeling til fellestiltak, slik som fellesfjøs og andre samdriftstiltak skal normalt tillatast.
- Kulturlandskapsomsyn skal tilleggjast stor vekt.

#### Nye bygningar og vegar på landbrukseigedomar

##### Heimel

Jordlova § 9; «Dyrka jord må ikkje brukast til føremål som ikkje tek sikte på jordbruksproduksjon. Dyrkbar jord må ikkje disponerast slik at ho ikkje vert eigna til jordbruksproduksjon i framtida.

*Departementet kan i særlege høve gi dispensasjon dersom det etter ei samla vurdering av tilhøva finn at jordbruksinteressene bør vika. Ved avgjerd skal det mellom anna takast omsyn til godkjende planar etter plan- og bygningslova, drifts- eller miljømessige ulemper for landbruket i området, kulturlandskapet og det samfunnsgagnet ei omdisponering vil gi. Det skal òg takast omsyn til om arealet kan førast attende til jordbruksproduksjon. Det kan krevjast lagt fram alternative løysingar.»*

##### Bakgrunn

I LNF- område er det ikkje tillatt med ny eller vesentleg utviding av bustad-, nærings- eller fritidsutbygging eller frådeling til slike formål. Forbodet gjeld ikkje utbygging som har direkte tilknytning til stadbunden næring.

|                       |                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                       |
|-----------------------|-----------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------|
|                       | <p>Følgjande bygningar og anlegg fell innunder LNF- kategorien:</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>- Driftsbygningar i landbruket, dvs. bygningar som er naudsynt: <ul style="list-style-type: none"> <li>- i forbindelse med tradisjonell husdyrhald.</li> <li>- for lagring og bearbeiding av planteprodukt frå eiga produksjon.</li> <li>- for lagring av driftsmidlar og reiskap til garden sitt eige bruk.</li> </ul> </li> <li>- Våningshus, så fremt dette er naudsynt med omsyn til drifta på eigedomen.</li> <li>- Landbruks- og driftsvegar.</li> </ul>                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                             |
| <b>Behandling</b>     | <p>Landbrukskontoret skal i kvar enkelt sak vurdere om det er behov for bygningen utifrå drifta på eigedomen.</p> <p>Generelt for alle saker som gjeld bygningar, er at det må gjerast greie for dagens og planlagt driftsform, ressursgrunnlaget på eigedomen og driftsapparatet. I tillegg må det leggst ved situasjonsplan som viser bygningar og vegar.</p>                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                       |
| <b>Retningslinjer</b> | <p>Våningshus nummer 2:</p> <p>Det kan gjevast løyve til bygging av våningshus nummer 2 dersom dette er naudsynt for å sikre kontinuerleg og forsvarleg drift av landbrukseigedomen. Ved vurderinga skal det leggst vekt på om eigedomen mottar produksjonstilskot, om produksjonen er arbeidskrevjande og om eigedomen har ein slik storleik at det må søkjast om konsesjon ved sal utanfor familie.</p> <p>Huset bør plasserast på eller i nær tilknytning til tunet på eigedomen. Dette vert grunngjeven med at bygningen er naudsynt for den daglige drifta på eigedomen.</p> <p>Ved plassering av huset skal det takast omsyn til natur- og kulturlandskapsverdiar, eksisterande bebyggelse og kulturmiljø.</p> <p>Tilkomsten bør samordnast med eksisterande tilkomst eller plasserast på ein mest mogleg skånsam måte i forhold til driftsforhold og kulturlandskap.</p> <p>Stølshus:</p> <p>Det kan gjevast løyve til bygging av stølshus dersom dette er</p> |



|  |                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                   |
|--|---------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------|
|  | <p>naudsynt med omsyn til drifta på eigedomen.</p> <p>Stølshuset skal plasserast og ha ei utforming slik at det blir ein naturleg del av det tradisjonelle stølsmiljøet.</p> <p>Omlegging av landbruksvegar:</p> <p>Ved omlegging av landbruksvegar skal det takast omsyn til driftsmessige ulemper, areal/bruksstruktur og terrengutforming.</p> |
|--|---------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------|

| Driveplikt     |                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                    |
|----------------|--------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------|
| Heimel         | <p>Jordlova § 8; «Jordbruksareal skal drivast. Ny eigar må innan eitt år ta stilling til om han eller ho vil drive eigedomen sjølv eller leige bort jordbruksarealet etter føresegnene i andre ledd.</p> <p><i>Driveplikta kan oppfyllest ved at arealet vert leigd bort som tilleggsjord til annan landbrukseigedom. Det er ein føresetnad for at driveplikta er oppfylt ved bortleige at leigeavtala er på minst 10 år om gongen utan høve for eigaren til å seie ho opp. Avtala må føre til driftsmessig gode løysingar og vere skriftleg. Avtaler som fører til driftsmessig uheldige løysingar, kan følgjast opp som brot på driveplikta. Ei leigeavtale som er i strid med andre, tredje eller fjerde punktum, kan ikkje gjerast gjeldande mellom partane eller i høve til offentlege styresmakter.»</i></p> |
| Bakgrunn       | <p>Reglane om driveplikt gjeld alle eigarar av jordbruksareal. Etter jordlova § 8 har eigarar av eigedom med jordbruksareal driveplikt i hele eigartida.</p>                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                       |
| Behandling     | <p>Landbrukskontoret har ansvar for å kontrollere at driveplikta blir oppfylt. Det kan søkjast om fritak frå driveplikta.</p> <p>Landbrukskontoret kan lempe på kravet om lengda på leigeavtalen etter søknad.</p> <p>Leigeavtalen skal føre til driftsmessige gode løysingar.</p>                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                 |
| Retningslinjer | <p>Kommunen skal ha ein restriktiv haldning til varig fritak frå driveplikta.</p>                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                  |

|                          |                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                           |
|--------------------------|-------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------|
|                          | <p>Fritak frå driveplikta kan gjevast dersom:</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>- arealet er av liten betyding for framtidig matproduksjon</li> <li>- arealet er av liten betyding for kulturlandskapet</li> <li>- det er eit mindre areal med liten avkastningsevne</li> <li>- det ikkje er behov for tilleggsareal i området</li> <li>- søkjaren sin livssituasjon tilseier det</li> </ul> <p>Jordlova § 8 gjev anledning til å søkje om lemping på kravet om 10-årige leigeavtaler. Ved behandling av slike søknader skal det leggjast vekt på:</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>- Om eigar har planer om å drive eigedommen sjølv, men har eit behov for å få utsett driveplikta</li> <li>- Om det skal gjennomførast eit eigarskifte innanfor dei neste 10 år</li> </ul> <p>Leigeavtale på mindre enn 5 år skal vanlegvis ikkje godkjennast.</p>                                                                                                                                                                                                                                                                  |
| <p><b>Oppfølging</b></p> | <p>Kommunen skal ha kopi av alle jordleigeavtaler som vert inngått for å sikre at avtalane oppfyller krava i jordlova, § 9. Dette er jordeigaren sitt ansvar, og gjeld for alle jordbruksareal større enn 5 daa. Sjå rundskriv «M-3/2011 – Driveplikten etter jordloven».</p> <p>Dersom det ligg føre ei jordleigeavtale som ikkje oppfyller krava i lova, skal kommunen varsle jordeigaren om dette og be han om å ordne tilhøva innan ein gjeve tidsfrist.</p> <p>Om tiltak ikkje vert sett i verk og tilbakemelding vert forsømt kan kommunen krevje inn tvangsgebyr, jf. jordlova § 20.</p> <p>Areal som ligg unytta:</p> <p>Kommunen skal regelmessig registrere og kartfeste areal som er vannhevdad eller ligg unytta. Dette følgjer av rundskriv M-3/2011.</p> <p>Kommunen skal varsle grunneigaren om tilhøva og informere om krava i jordlova. Grunneigaren skal gjevast ei tidsfrist til å ordne opp i tilhøva.</p> <p>Dersom ikkje noko skjer, vil kommunen varsle eigaren ein gong til. Kommunen vil òg legge fram pålegg om tiltak som skal/ kan iverksettast for å få til ei optimal drift. Ein gjev ein ny tidsfrist.</p> |

Om tiltak ikkje vert sett i verk og tilbakemelding vert forsømt, kan kommunen gjere avtale om bortleige av heile eller delar av jorda for ei tid av inntil 10 år, jf. jordlova § 8.

## Konsesjon

### Heimel

Konsesjonslova.  
Hovudregelen er at erverv av fast eigedom krev konsesjon. Unntak frå konsesjonsplikta er beskrive i §§ 4 og 5. Ifølgje konsesjonslova § 5 er konsesjon ikkje naudsynt dersom nær slekt overtek eigedomen. Ein må heller ikkje søkje om konsesjon dersom eigedomen er utbygd og har mindre enn 100 daa totalt, eller mindre enn 25 daa fulldyrka /overflatedyrka jord.

### Bakgrunn

Formålet med konsesjonslova er å regulere og kontrollere omsetjinga av fast eigedom for å oppnå eit effektivt vern av produksjonsareala i landbruket, men også for styrke eigar- og brukstilhøve som er mest gagnlege for landbruket.

### Behandling

Gebyr for konsesjonssaker:

- Kr 2000 (enkle/kurante saker)
- Kr 5000 (andre saker)

Ved søknad om konsesjon må det gjerast greie for kva eigedomen skal brukast til. Søknaden skal leggst ved skøyte, kjøpekontrakt, leigekontrakt eller liknande, samt takst.

### Retningslinjer

Ervervet skal samsvare med formåla i lova. I tillegg skal det leggst vekt på følgjande moment:

- Omsynet til landbruksnæringa, slik som driftsmessige gode løysingar og pris, skal leggst særskilt stor vekt på i kjerneområde landbruk.
- Det vert forventat at søkjaren busett seg på eigedomen. Normalt vert det sett buplikt som vilkår for overtakinga.
- Etablering av tilleggsnæring som gjev grunnlag for å utnytte eigedomen sitt ressursgrunnlag blir sett positivt på.
- Interesse for å ta vare på /setje i stand bygningar på eigedomen.

## Oppfølging

For at alle skal behandlast likt må kommunen følgje opp brot på konsesjonsvilkår og sørgje for at eigarar som manglar konsesjon vert pålagt å søkje om det, jf. konsesjonslova §§ 16-20.

Kommunal praksis er som følgjer:

Administrasjonen har oversikt over eigedomsoverdragingar i kommunen. Ved overdraging av landbrukseigedomar med buplikt skal kommunen føre liste over overdragings- og tilflyttingsdato og kor lenge buplikta varer.

Kommunen bør ta ein kontinuerleg gjennomgang av lista, der personar som ikkje oppfyll buplikta si vert varsla om dette og bedt om å rette opp tilhøva. Dersom personen ikkje ønskjer å busette seg på eigedomen må han eller ho søkje om konsesjon. Kommunen skal då setje frist for søknad om konsesjon.

Dersom søknaden om konsesjon vert avslått eller det ikkje vert søkt om konsesjon innan fristen, skal kommunen setje ei frist der ervervar må sørge for å få omgjort overdraginga eller å få overdratt eigedomen til nokon som kan få, eller ikkje treng konsesjon.

Dersom fristen ikkje vert overhalden skal kommunen sende melding om dette til fylkesmannen, som utan varsel kan selje eigedomen etter reglane om tvangssal, jf. konsesjonslova § 19.

Konsesjonsvilkår:

Dersom kommunen oppdagar at vilkår ikkje vert overhalden, skal det sendast melding om dette til fylkesmannen, slik at fylkesmannen kan setje tvangsmulkt, jf. § 17 i konsesjonslova. Det kan fastsettast at tvangsmulkta påløper så lenge det ulovlege forholdet held fram, eller at mulkta forfell for kvart brot.

Vedtak om tvangsmulkt kan påklagast til Statens landbruksdirektorat. Dette følgjer av rundskriv «M-2/2009 – Konsesjon og boplikt».

Dersom brot på konsesjonsvilkåra er av vesentleg karakter, eller dersom konsesjonen var gjeve på feil grunnlag, kan kommunen trekke tilbake konsesjonen, jf. § 16 i konsesjonslova.

| Buplikt               |                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                |
|-----------------------|----------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------|
| <b>Heimel</b>         | <p>Konsesjonslova § 5 og 6.</p> <p><i>«Ved erverv av bebygd eiendom hvor fulldyrka og overflatedyrka jord er mer enn 25 dekar, eller eiendommen består av mer enn 500 dekar produktiv skog, er konsesjonsfriheten etter første ledd nr. 1 og 2 betinget av at erververen bosetter seg på eiendommen innen ett år og selv bebor den i minst 5 år. Som bebygd eiendom regnes her eiendom med bebyggelse som er eller har vært brukt som helårsbolig. Det samme gjelder eiendom med bebyggelse som ikke er tatt i bruk som helårsbolig, herunder eiendom med bebyggelse under oppføring dersom tillatelse til bebyggelse er gitt med sikte på boligformål.</i></p> <p>Dersom søker ikkje ønskjer å busette seg på eigedomen må han/ho søkje om konsesjon.</p> <p>Buplikt kan også settast som vilkår.</p>                                                         |
| <b>Bakgrunn</b>       | <p>Formålet med buplikta er å ivareta omsynet til busetting og omsynet til ei heilskapleg ressursforvaltning.</p>                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                              |
| <b>Retningslinjer</b> | <ul style="list-style-type: none"> <li>- Det er ønskjeleg med busetting på landbrukseigedomar. For å ivareta areal og bygningsmasse i størst mogleg grad, skal buplikta fortrinnsvis oppfyllast av eigar (personleg buplikt).</li> <li>- På ressursvake eigedomar i marginale landbruksområde bør buplikta praktiserast noko meir lempeleg samanlikna med ressurssterke eigedomar i gode landbruksområde.</li> <li>- Når ein søker eig fleire landbrukseigedomar, eller er busett på landbrukseigedom eigd av ektefelle/sambuar, kan det gjevast varig fritak frå buplikta på eigedomen vedkommande ikkje er busett på. Her er det eit vilkår at driveplikta vert oppfylt i samsvar med jordlova § 8 og at eigedommane vert drive samla.</li> <li>- Det kan gjevast tidsavgrensa fritak frå buplikta dersom søkeren sin livssituasjon tilseier det.</li> </ul> |
| <b>Oppfølging</b>     | <p>Sjå under konsesjon.</p>                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                    |



## 5.2. Bruksstruktur og leigejord

Gardbruka i Sykkylven er små. Gjennomsnittsstorleiken på alle jordbrukseigedomar som har meir enn 5 daa dyrkamark, er om lag 38 daa. Gjennomsnittsstorleiken per føretak var i 2014, 154 dekar. Dette kan forklarast med at svært mykje dyrkamark vert drive som leigejord..

Stadig fleire legger ned drifta på eigen gard. Ifølgje figur 6 er omtrent halvparten av jordbruksarealet i Sykkylven leigejord. Dette er utfordrande både økonomisk, agronomisk og for miljøet. Ofte er bortleige på korte kontraktar eller munnlege avtalar. Dette medfører ulemper for både bonden og utleigaren. Her har kommunen eit ansvar å følgje opp driveplikta. Leigejord vert som regel dårlegare driven enn om brukaren hadde eigd jord sjølv. Årsaka til dette er at det ikkje vert investert like mykje i grøfting, jorदारbeiding, gjødsling, gjerdehald m.m. på areal ein ikkje veit kor lenge ein får disponere. I tillegg vert det vanskelegare å gjere større, langsiktige investeringar som bruksutbygging, når det knyter seg uvisse til arealgrunnlaget framover.

Eit anna problem er at mykje av leigejorda blir driven transportmessig tungvindt. Mange køyrer om kvarandre med avling fordi dei ikkje leiger den jorda som er utleigd nærast garden, men leiger av ein som ligg lenger frå.

### Tiltak

1. *Sende ut informasjonsbrev om driveplikta til alle eigarar av jordbruksareal i kommunen.*
2. *Streng praktisering av 10-årige leigeavtaler.*
3. *Starte «jordleigebørs», dvs. å formidle informasjon om ledige jordbruksareal til leige.*

## 5.3. Rekruttering

Manglande rekruttering til landbruksnæringa har vore eit aukande problem over heile landet, også i Sykkylven. Dårlege rammevilkår i landbruket med låg forventet inntekt og svake sosiale ordningar kan nemnast som nokre av årsakene. Mange plasser er det lett å finne seg godt betalt arbeid. Her klarer ikkje landbruket å konkurrere om løns- og arbeidsforhold. I landbruksmeldinga for Møre og Romsdal er rekruttering nemnt som ei av dei største utfordringar i fylket. Av tiltak for å betre rekrutteringssituasjonen nemner fylkesmannen blant anna meir fokus på omdømmebygging, betre rådgjeving ved eigedomsoverdraging, gode tilbod for barn i barnehagar og skular, og moglegheiter for å starte nye verksemdar på garden.

Ei undersøking utført av Bygdeforskning viser at alderen på norske bønder aukar. Gjennomsnittsalderen har auka med 5 år sidan 2012, og var 54 år i 2014. Dette samsvarer med gjennomsnittsalderen for bønder i Sykkylven. Som også var 54 år i 2014. Gjennomsnittsalderen i Møre og Romsdal er 52 år.

Kombinasjonen av stadig dårlegare inntening, tunge investeringar og større krav til effektivisering gjer at mange ser nedlegging som det einaste alternativet. I Sykkylven er det mange utslitte driftsbygningar. Dette saman med nye regler for dyrevelferd gjer behovet for fornying av driftsapparatet stort.

**1. Omdømmebygging**

- Gjennomføre besøk og aktivitetar retta mot skular og barnehagar. Vidareføre skulehageprosjektet.
- Etablere samarbeid med BUAS for å etablere eit betre tilbod for personer med demens.
- *Betre synleggjering av kvalitetane i bondeyrket. Bruk av sosiale medium og lokalavisa. Samarbeid med lokale lag- og foreiningar.*
- Lage brosjyre om landbruket i kommunen – for å auke kunnskapen om landbruket si betyding og moglegheiter.
- Arrangere gardsbesøk for lokalpolitikarar ein gong i kvar valperiode.
- Gjennomføre «Open Gard», «Landbrukets dag» eller liknande i samarbeid med dei lokale bondeorganisasjonane.

**2. Følje opp nye brukarar og gardar der framtida er usikker med omsyn til generasjonsskifte**

- Lage brosjyre for nye og unge brukarar med allmenn informasjon om landbruket i kommunen, landbruksfaglege instansar og organisasjonar, samt nyttig informasjon om generasjonsskifte.
- Arrangere seminar om moglegheiter i landbruket og grønt entreprenørskap. Ung etablering innan kultur og naturbasert verksemd.

**3. Fornyng av driftsapparatet/ny bruk av gamle landbruksbygg**

- Bistand ved søknader til Innovasjon Norge.
- Arrangere kurs/fagtur om byggeskikk og byggteknisk planlegging. Orienterer om regelverk og tilskotsordningar.
- SMIL-tilskot til restaurering av gamle landbruksbygg.

**4. Avløysarkurs**

- Undersøkje moglegheita for å gjennomføre avløysarkurs i samarbeid med ungdomsskula. Skaffe praksisplasser.

**5.4. Landbruksrelaterte bygdenæringar**

Det er eit mål å styrke det etablerte landbruket i kommunen på best mogleg måte. Samtidig er det viktig å legge til rette for å kunne utvikle nye verksemdar i tilknyting til det tradisjonelle landbruket. Det er mange andre sider ved landbruket enn det reint produksjonsmessige. Landbruket forvaltar miljø- og kulturverdiar av stor samfunnsmessig betyding. Det er viktig at ein tar omsyn til desse verdiane ved utvikling av nye bygdenæringar.

For å drive med tilfredsstillande overskott i jordbruket idag er det ofte naudsynt å drive stort, ha fleire bein å stå på eller å tenkje utradisjonelt. Det kan dreie seg om å drive med nisjeproduksjon eller vidareforedling av råvarer. Vidareforedling av primærproduksjonen fører til verdiskaping og sysselsetting lokalt, samtidig som det kan skape ringvirkningar i form av større og meir positive produsentmiljø.

Landbruket har areal, bygningar, dyr og kompetanse som byr på store moglegheiter og kan bidra til at Sykkylven blir meir enn berre ei gjennomfartsåre. Korleis kan ein få folk til å stoppe opp? Er det ønskeleg med eit breiare tilbod for reiselivet i kommunen, slik som overnattingstilbod, gardsferie og besøksgard?

#### Tiltak

##### 1. Lokal mat

- Jobbe for å få i gong lokal vidareforedling av kjøtt og mjølk.
- *Opprette eit matforum (møteplass) for lokalmatprodusenter. Kommuneovergripande samarbeid.*
- Støtte oppunder andelslandbruket i kommunen.

##### 2. Inn på Tunet

- *Det skal jobbast med å etablere Inn på Tunet- tilbod. Det skal leggjast til rette for at opphald på gardsbruk kan brukast som tilbod for og med barn, unge og vaksne som har spesielle behov for aktivitet, tilrettelegging og tilhøyrse.*
- Jobbe aktivt/vidareføre IPT- prosjektet i samarbeid med Stranda og Norddal kommune.

##### 3. Marknadsføring

- *Jobbe for ein meir heilskapleg profilering av regionen. Her må ein styrke samarbeidet med Sykkylven næringsutvikling (SNU) og reiselivet.*
- Undersøkje interessa for å etablere ei merkevare for landbruksrelaterte opplevingar (lokal mat, gardsturisme, osv.) i kommunen.

##### 4. Anna

- Gjennomføre møter med fokus på etablering av bygdenæringar, til dømes gardsturisme, Inn på Tunet, lokal vidareforedling, regler og tilskot osv.

## 5.5. Økologisk landbruk

Økologisk landbruk er eit nasjonalt satsingsområde. Innan 2020 skal 15 % av landbruksproduksjonen og omsettinga vere økologisk. I Sykkylven kommune er cirka 12 % av det aktiv drivne jordbruksareal lagt om til økologisk. Dette er bra. Utviklinga har likevel vore negativt dei siste åra. Det er difor viktig å jobbe med å snu den negative trenden.

#### Tiltak

##### 1. Produksjon

- *Motivere fleire produsentar til å legge om til økologisk drift.*
- Etablere eit lokalt fagmiljø for dei som driv økologisk, eller ønskjer å gjere det.
- Arrangere markdagar innan ulike økologiske produksjonar.

##### 2. Forbruk

- *Jobbe for lokal omsetning av økologiske produkt direkte til forbrukaren.*
- Kåre den beste økobutikken i Sykkylven. (Konkurranse mellom matvarebutikkene)



## 5.6. Kulturlandskap og biologisk mangfald

Eit rikt biologisk mangfald er ei føresetnad for at det skal vere mogleg å dyrke jorda no og i framtida. God matjord er proppfull av levande organismar som alle spelar ei viktig rolle for å oppretthalde jorda si fruktbarheit. Pollinerande insekt gjer ein viktig jobb og sørger for at ein tredel av verdas matplanter ber frukt. Det genetiske mangfaldet av planter og dyr er eit viktig ledd i samspelet og gjer det mogleg å tilpasse matproduksjonen til skiftande klima- og miljøbetingelser.

Mykje av naturen rundt oss er eit resultat av langvarig og kontinuerlig landbruksdrift. Beiting, slått og brenning er nokre av driftsformane som har bidrege til mange verdifulle naturtypar og leveområde for planter og dyr. Landbruket spelar med andre ord ei viktig rolle for å bevare det biologiske mangfaldet.



Bilde 3: Kartlegging av biologisk mangfald

Gjengroing er eit aukande problem i Sykkylven. Gjengroing reduserer ikkje berre beitekvaliteten i utmarka, men er også ein stor trussel mot eksisterande dyre- og planteliv. Landskapet blir dessutan mindre tilgjengelig, noko som kan ha ein negativ effekt på opplevingsverdien og reiselivsnæringa.

### Tiltak

- Gjennomføre betre gjerding mot utmark og langs offentlege vegar. Informere aktivt om gjerdeplikta.
- Gjennomføre kurs om gjødselplanlegging.
- Utarbeide brosjyre om kantsoner og skjøtsel av desse.
- Samarbeide med skular og barnehager om undervisningsopplegg.
- Arrangere slåttemarkskurs.
- Stimulere grunneigarlag og lokale organisasjonar til fiskekultivering og tilrettelegging for fritidsfiske.
- Stimulere til aktiv bruk av SMIL-midlane. For lokal SMIL- strategi, sjå vedlegg B.
- Svartelista artar. Informasjonsarbeid. Utarbeide brosjyre om framande artar i kommunen. Jobbe aktivt med å bekjempe desse.

## 5.7. Skogbruk

### Tiltak

#### 1. Samarbeid i skogen

- Informasjon/pådrivar for auka samarbeid i skogen, maskinsamarbeid, samdrift på tømmer eller vedproduksjon, mm. Møter, kurs

#### 2. Kurs/opplæring

- Det er eit kontinuerleg behov for oppdatering med nye kunnskapar. Opplæring er også viktig for å stimulere til auka aktivitet i skogen. Aktuelle tiltak er skogdagar med ulike tema, kurs, informasjonsmøter, o.a. Tema kan vere ungskogpleie, skogskjøtsel knytt til vedproduksjon, samdrift i skogen, biologisk mangfald, mm., alt etter årstid og kva som er aktuelle problemstillingar. 2-3 gonger pr. år.

#### 3. Lokal foredling

- Det bør takast opp ei meir systematisk vurdering av kva som kan gjerast gjennom lokal foredling, nisjeproduksjon, mm. Vurdere etablering av lokalt prosjekt.

#### 4. Lokal satsing på bioenergi

- Sykkylven sit på store unytta energiressursar i skogen. I takt med auka satsing på bioenergi frå sentralt hald, bør vi følgje opp dette med lokale tiltak der landbruket kan spelle ei viktig rolle som energileverandør. Tiltaka kan vere knytt til ulike måtar å utnytte trevirke til energi samt organisering av slik produksjon, organisert vedproduksjon, vurdere samarbeid med andre lokale aktørar, mm. Gjennomføre kurs, møte, anna informasjonsverksemd.

#### 5. Skogsbilveg

- Det er eit behov for betre samordning av skogsvegbygginga i kommunen. I periodar med liten hogst, vil det vere gunstig å planlege vegstrukturen for å få mest mogleg rasjonelle løysingar.
- Viktig å få oppgradert bruksklassa på mange kommunale vegar, slik at dei også kan køyrast med tømmervogntog. Det må også byggast ein del nye skogsbilveg i framtida, og ein del eksisterande vegar må oppgraderast til skogsbilveg.

#### 6. Følgje opp foryngingsplikta

- Skogeigaren skal sørge for tilfredsstillande forynging etter hogst, og sjå til at det er samanheng mellom hogstform og metode for forynging, jf. § 6 i skogbrukslova.

## 5.8. Anna

### Tiltak

1. Motivere til auka maskinsamarbeid. Få ned maskinkostnader.

2. Oppretthalde bemanninga på landbrukskontoret.



## 6. VEDLEGG





## 6.1. LANDBRUKET I SYKKYLVEN (STATISTIKK)

### 6.1.1. Naturgrunnlaget

Det totale jordbruksarealet i Sykkylven kommunen er 14 393 daa. Dette utgjør om lag 4 % av landarealet i kommunen. På landsbasis er kun 3 % av landarealet dyrkamark. Dette svarer til om lag 2,2 daa dyrkamark per innbygger.

Det produktive skogsarealet i kommunen er ca. 45 181 daa. Dette utgjør om lag 14 % av landarealet i kommunen.

|                             |                    |              |
|-----------------------------|--------------------|--------------|
| <b>Jordbruksareal i alt</b> | <b>14 393 daa</b>  | <b>4 %</b>   |
| Jordbruksareal i drift      | 10 347 daa         | 3 %          |
| <b>Produktiv skog</b>       | 54 000 daa         | 16 %         |
| <b>Anna areal</b>           | 260 607 daa        | 80 %         |
| <b>Total landareal</b>      | <b>329 000 daa</b> | <b>100 %</b> |

**Figur 2:** Oversikt over dei ulike arealtypeane i kommunen

Geologien i kommunen er stort sett prega av relativt sure gneis- og granittbergartar, noko som er typisk for Nordvestlandet. Dette er nokså harde bergartar som forvitrar seint og gjev eit sparsamt og litt surt jordsmonn.

### Kjerneområde landbruk

I 2005 blei landbrukskontoret oppfordra til å kartlegge viktige jordbruksareal og kulturlandskap i kommunen. Dette resulterte i rapporten «Kjerneområde landbruk», som blei vedtatt i Nærings- og utviklingsutvalet i 2008. Føremålet med klassifiseringa var å skjerme dei mest produktive areala i kommunen for nedbygging. I tillegg skulle kartlegginga bidra til eit betre kunnskapsgrunnlag for avgjersle i einskildsaker og i arealplanlegginga generelt.

For kart som illustrerer prioriterte landbruksområde i kommunen, sjå vedlegg A.

### Biologisk mangfald

Mykje av naturen rundt oss er eit resultat av langvarig og kontinuerlig landbruksdrift. Beiting, slått og brenning er nokre av driftsformane som har bidrege til mange verdifulle naturtypar og leveområde for planter og dyr. Fleire artar som lever i kulturlandskapet står likevel i fare for å forsvinne. Om lag 44 % av raudliste artane i Noreg er knytt til kulturlandskapet i jordbruket. Av om lag 80 naturtypar som står på Norsk Raudliste for naturtypar (2011), kan 10 reknast som meir eller mindre kulturpåverka. Av disse er 6 sterkt trua og ein kritisk trua. I alt er 71 vegetasjonstypar i Norge trua. Mange av dei kan finnast i kulturlandskapet.

I Sykkylven er det registrert to naturtypar som er direkte knytt til landbruket, naturbeitemark (14 lokalitetar) og slåttemark (3 lokalitetar). Begge disse naturtypane er eit resultat av langvarig og ekstensiv landbruksdrift, og er viktige leveområde for planter og dyr. Det er elles kartlagt 26 raudlista arter av plantar, sopp og lav i kommunen. Mange av desse soppene er heimehøyrande i tradisjonell drive kulturlandskap.

**Slåttemarka** er ein av våre mest artsrike og mest trua naturtypar. Her kan ein finne 20-50 plantearter per m<sup>2</sup>. Mange trua artar og vegetasjonstypar er knytt til slåttemarka. Artsmangfaldet i slåttemarka er eit resultat av langvarig og kontinuerlig bruk, og er difor svært vanskelig å gjenskape. Den største trusselen mot slåttemarka er attgroing på grunn av opphøyrdrift. Men også meir intensiv jordbruksdrift med gjødsling og tidligare slåttetidspunkt kan fort endre artssamansetninga i slåttemarka.



**Bilde 1:** Slåttemark ved Løset i Sykkylven. Lokaliteten skårar høgt på artsmangfald, høgt på areal og funn av raudlistearter, høgt på tilstand. Kartlagt som A lokalitet (nasjonalt viktig).


### 6.1.2. Bruksstruktur

I august 2014 var det 71 landbruksføretak i Sykkylven som søkte om produksjonstilskot. Til samanlikning var det 126 søkjarar i 2002. Det er ein nedgang på rundt 43 % i løpet av 12 år. Gjennomsnittstorleiken på driftseiningane har auka frå 114 dekar til 154 dekar i same periode. Det har med andre ord blitt færre, men større bruk. Aukinga har likevel stagnert dei siste åra. Utvikling i bruksstruktur er vist i tabell 1.


I 2014 var samla jordbruksareal i drift 10 947 dekar. Til samanlikning var det 14 316 dekar i drift i 2002. Utviklinga dei 12 siste år syner ein tydelig nedgang i aktivt drive jordbruksareal.

Brakklegging av marginale areal, nedlegging av gardsbruk, strukturendringar i landbruket og om-disponering til anna formål kan nemnast som nokre av årsakene. Utviklinga ser likevel ut til å ha stagnert dei siste åra. Statistikken er tilskotsbasert og tala kan difor vere noko unøyaktig. Det vert blant anna ikkje tatt omsyn til føretak som ikkje oppfylle vilkåra<sup>1</sup> for produksjonstilskot (hobbyføretak). Statistikken gjev likevel eit godt bilete over utviklinga i kommunen.

<sup>1</sup> Krav til føretak som mottar produksjonstilskot : (1) Føretaket må vere registrert i einingsregisteret, (2) Føretaket må drive med vanleg jordbruksproduksjon, jf. forskrift om produksjonstilskot



**Figur 3:** Oversikt over aktiv drive jordbruksareal i perioden 2002 -2014 (Landbruksdirektoratet)



**Figur 4:** Utvikling i tal bruk og bruksstorleik i perioden 2002 – 2014 (Landbruksdirektoratet)

### Planteproduksjon

Omtrent 99 % av jordbruksarealet i kommunen vert nytta til grasproduksjon i form av slått eller beite. Fulldyrka/overflatedyrka jord utgjør om lag 85 % av arealet. Over ein tiårs periode ser vi ein jamn nedgang i bruken av fulldyrka jord og innmarksbeite. Dette samsvarer godt med nedgangen i tal bruk. Midt på 2000 talet var det ein periode der det vart dyrka ein del korn i kommunen, men frå 2008 var det ingen som dyrka korn lengre. Også areal brukt til potet, bær, frukt og rotvekstar har omtrent gått ut. Utvikling i drift til ulike vekstar er vist i tabell 2.

### Husdyrhald

Utvikling i tal gardsbruk med ulike dyreslag er vist i tabell 3. Mjølkeproduksjonen er framleis den viktigaste jordbruksnæringa i kommunen med kjøttproduksjon på storfe og sau som nummer to. Tabellen viser likevel ei negativ utvikling i tal husdyr dei siste ti år. Tal mjølkekyr har blitt redusert med 33 % og sauetalet med 42 % over ein tolv-års periode. Produksjonar med gris, geit eller høner har omtrent gått ut. Tal ammekyr har auka med 16 %.

Reduksjon i tal husdyr er svært uheldig for kulturlandskapet ved at det gror igjen. Attgroing reduserer ikkje berre beitekvaliteten i utmarka, men er også ein stor trussel mot eksisterande dyre- og planteliv. Landskapet blir dessutan mindre tilgjengelig, noko som kan ha ein negativ effekt på opplevingsverdien og reiselivsnæringa. Kulturlandskap i dag er eit resultat av langvarig rydding og investering. Å reversere gjengroinga vil krevje store ressursar.



**Bilde 2:** Vestlandsk fjordfe på jobb

**Tabell 1** Tal bruk, jordbruksareal i drift og gjennomsnittleg bruksstorleik i perioden 2002 -2014 (Landbruksdirektoratet)


| År   | Tal driftseiningar | Jordbruksareal i drift (daa) | Gjennomsnittstorleik på driftseiningane (daa) |
|------|--------------------|------------------------------|-----------------------------------------------|
| 2002 | 126                | 14 316                       | 114                                           |
| 2003 | 117                | 13 855                       | 118                                           |
| 2004 | 109                | 13 815                       | 127                                           |
| 2005 | 102                | 13 600                       | 133                                           |
| 2006 | 95                 | 13 373                       | 141                                           |
| 2007 | 89                 | 13 113                       | 147                                           |
| 2008 | 86                 | 12 916                       | 150                                           |
| 2009 | 80                 | 12 493                       | 156                                           |
| 2010 | 78                 | 12 025                       | 154                                           |
| 2011 | 74                 | 10 918                       | 148                                           |
| 2012 | 72                 | 10 812                       | 150                                           |
| 2013 | 72                 | 10 635                       | 148                                           |
| 2014 | 71                 | 10 947                       | 154                                           |

**Tabell 2** Drift til ulike vekstar (daa) (Landbruksdirektoratet)

| År   | Grovfôr | Korn | Potet | Grønsaker | Frukt og bær |
|------|---------|------|-------|-----------|--------------|
| 2002 | 14 627  | 60   | 8     | 3         | 19           |
| 2004 | 13 654  | 108  | 10    | 2         | 22           |
| 2006 | 13 229  | 118  | 4     | 2         | 19           |
| 2008 | 12 889  | 0    | 5     | 0         | 13           |
| 2010 | 12 004  | 0    | 1     | 0         | 16           |
| 2012 | 10 797  | 0    | 2     | 0         | 9            |
| 2013 | 10 625  | 0    | 2     | 0         | 2            |
| 2014 | 10 939  | 0    | 2     | 0         | 0            |

**Tabell 3** Tal husdyr og tal gardsbruk med ulike dyreslag, august (Landbruksdirektoratet)

|               | 2002    |          | 2014    |          |
|---------------|---------|----------|---------|----------|
|               | Tal dyr | Tal bruk | Tal dyr | Tal bruk |
| Hest          | 18      | 11       | 32      | 12       |
| Mjølkekyr     | 467     | 37       | 311     | 18       |
| Ammekyr       | 39      | 3        | 45      | 7        |
| Øvrige storfe | 1086    | 66       | 697     | 31       |
| Sau > 1 år    | 2878    | 68       | 1647    | 38       |
| Lam           | 3994    | 69       | 2516    | 38       |
| Avlsgris      | 1       | 1        | 0       | 0        |
| Slaktegris    | 185     | 2        | 8       | 1        |
| Høner         | 57      | 5        | 37      | 3        |
| Mjølkegeiter  | 99      | 1        | 0       | 0        |
| Ammegeiter    | 14      | 2        | 7       | 2        |



**Figur 4:** Utvikling i storfeproduksjonen i Sykkylven (Landbruksdirektoratet)

#### Utvikling i storfeproduksjonen i Sykkylven


Frå 2002 til 2014 har tal gardsbruk med mjølkeproduksjon blitt redusert med 49 %. Talet på mjølkekyr har blitt redusert med 33 % i same perioden. Ammekuproduksjonen har halde seg relativt stabil dei 12 siste år. Sum mordyr har blitt redusert med 30 %.

#### Økologisk landbruk

Sykkylven er ein føregangskommune innan økologisk landbruk. I 2015 var rundt 1193 daa lagt om til økologisk i Sykkylven. Dette utgjør om lag 12 % av det aktiv driven jordbruksareal i kommunen. I Møre og Romsdal er 4 % av jordbruksarealet økologisk. På landsbasis ligg det på 5 %. Regjeringa har eit mål om at 15 % av matproduksjonen og matforbruket i Noreg skal vere økologisk innan 2020.

**Tabell 4** Utvikling i økologisk areal og tal storfe

| År   | Jordareal (daa) | Mjølkekyr | Ammekyr | Øvrige storfe |
|------|-----------------|-----------|---------|---------------|
| 2002 | 1871            | 80        | 0       | 75            |
| 2004 | 2073            | 80        | 0       | 76            |
| 2006 | 2226            | 88        | 0       | 116           |
| 2008 | 2168            | 78        | 2       | 99            |
| 2010 | 1956            | 62        | 5       | 101           |
| 2012 | 1626            | 65        | 0       | 71            |
| 2013 | 1235            | 66        | 0       | 77            |
| 2014 | 997             | 67        | 0       | 82            |
| 2015 | 1193            | 71        | 0       | 78            |



**Figur 5:** Utvikling i økologisk areal i perioden 2002 – 2015 (Landbruksdirektoratet)

Utvikling i økologisk areal i kommunen er vist i figur 5. Figuren viser ein tydelig nedgang i økologisk driven areal i perioden 2007 – 2015.

Nedgangen i 2014 skuldast truleg ein registreringsfeil i søknadssystemet for produksjonstilskot. Kommunen har difor valt å ta med verdien for 2015.

## Bevaringsverdige husdyrraser

Ein bevaringsverdig husdyrrase er ein nasjonal rase med ein trua eller kritisk trua populasjonsstorleik. I 2015 var det 7 føretak i Sykkylven som drev med bevaringsverdige storferaser, med til saman 65 avlskyr. Ein produsent drev med jærhøns.


## Gartneri

I kommunen er det eit større gartneri med allsidig produksjon og tilbod om det meste innan grøntsektoren. Næringa presenterer eit viktig tilbod til innbyggjarane i kommunen.

### 6.1.3. Skogbruk

I kommunen er det om lag 54 000 daa produktiv skog. Av dette er om lag halvparten av høg bonitet. Det er utarbeidd skogbruksplan for om lag 90 eigedomar i kommunen. Planane vart utarbeidd i 1998/99. Arbeidet med ny skogtakst, og skogbruksplaner med MIS-registreringar er satt i gang. Taksten vert truleg klar i løpet av 2016.

I 2012 vart det hogd ca. 6 500 m<sup>3</sup> tømmer og ved i kommunen. Dette er inkludert eit stipulert kvantum av tømmer og ved til eige forbruk. I tillegg vart det tatt ut om lag 3500 m<sup>3</sup> i den nye kraftlinja.




Kilde: Statistisk sentralbyrå

Tiltaksplanane tilseier eit årleg uttak på 6200 m<sup>3</sup>, altså omtrent faktisk uttak. Det vart planta til 77 daa i 2013, medan tiltaksplanane tilseier 450 daa. Det vart utført ungskogpleie og avstandsregulering på 80 dekar i 2013. Eit areal som er 500 dekar treng truleg stellast.



Verdien av felt tømmer og ved er rekna til om lag 1 950 000 kr i 2012, inklusiv stipulert verdi for eige bruk. Primærnæringa gir om lag 20 millionar kr i samfunnsøkonomiske gevinst gjennom dette uttak av tømmer og ved.



#### 6.1.4. Bygdenæringar

Bygdenæringar er definert som verdiskapande verksemd basert på landbruket sine ressursar i tillegg til tradisjonelle næringar innan jord- og skogbruk. I 2010 driv 57 % av landbruksføretaka (1714 føretak) i Møre og Romsdal med ei eller anna form for bygdenæring (SSB og SLF 2010). Leigekøyring var den mest utbreidde bygdenæringa i fylket.

Vi har ingen god oversikt over bygdenæringane i Sykkylven, og det er vanskelig å seie kor mange arbeidsplasser desse næringane genererer. Det er imidlertid ingen tvil om at bygdenæringar har ein positiv effekt på den lokale verdiskapinga. Naturgrunnlaget, kulturhistorie, bygningsmasse, maskiner og menneskelege ressursar i samband med landbruket gir grunnlag for å utvikle eit breitt spekter av varer og tenester. I tillegg til inntektsmoglegheitene som bygdenæringane gir, er det viktig for mange at dei bidreg til sjølvrealisering og livskvalitet. Bygdenæringane har truleg også ein positiv innverknad for val av bustad.

Lista nedanfor gir nokre eksemplar på bygdenæringane i Sykkylven:


- Leigekøyring
- Inn på tunet
- Snøbrøyting
- Småskala matforedling
- Vedproduksjon
- Turisme/overnatting
- Utmarksnæring (jakt)
- Husflid
- Hestenæringar
- Andelslandbruk

### 6.1.5. Vilt

Det er registrert 196 000 dekar teljande areal som grunnlag for hjortejakta. Dette er fordelt på 8 storvald og 1 vald. I 2014 var det tildelt 591 dyr og 465 vart felt.

Tabell 5: Utvikling i tal felte dyr (2002-2014)

| Fellingsstatistikk hjort |           |      |           |
|--------------------------|-----------|------|-----------|
| År                       | Felte dyr | År   | Felte dyr |
| 2002                     | 194       | 2009 | 355       |
| 2003                     | 195       | 2010 | 394       |
| 2004                     | 215       | 2012 | 446       |
| 2005                     | 197       | 2013 | 479       |
| 2006                     | 229       | 2014 | 465       |
| 2007                     | 256       |      |           |



Figur 6: Fellingsstatistikk hjort (2002- 2014)


### 6.1.6. Fiske

Kommunen har 38 vatn med stort og smått med eit samla areal på 8,87 km<sup>2</sup>. Aure finst i dei aller fleste vatna. Fleire av elvane er lakseførande. Fetvassdraget, Aureelva, Vikeelva og Ramstaddalselva har utarbeidd driftsplan.

### 6.1.7. Verdiskaping og arbeidsplasser

Verdiskapinga i jordbruket svingar med varierende prisar, endringar i tilskotsordningane, produsert volum, endra driftskostnader, m.m. I 2010 hadde primærjordbruket i Sykkylven ei verdiskaping på 12,2 mill. kr

Verdiskaping etter driftsform (%)




Tabell 6: Omsetnad fordelt på driftsformer (kr). Kilde: NILF 2012

| Omsetnad fordelt på driftsformer (kr) |            |
|---------------------------------------|------------|
| Mjølkekyr                             | 20 049 672 |
| Ammekyr                               | 2 146 081  |
| Sau                                   | 10 662 931 |
| Egg                                   | 3 369      |
| Potet                                 | 4 556      |
| Veksthus blomster                     | 2 785 620  |
| Bær                                   | 498 477    |
| Sum                                   | 36 450 705 |


I 2014 vart det produsert 1,9 millionar liter kumjøl frå 18 mjølkebruk. Ifølgje ei landsomfattande kosthaldsundersøking forbruker gjennomsnittsnordmannen ca. 150 kg meieriprodukt i året (Norkost 3, Helsedirektoratet, 2012). Basert på dette produserer bøndene i Sykkylven nok mjølk til å dekke

årsforbruket av drikkemjøl, ost og andre meieriprodukt til om lag 12 600 personar. Gjennomsnittleg har mjølkebruka 17 kyr og leverer årleg 105. 140 liter mjøl.


Totalt vert det årleg produsert vel 122 000 kg kjøt i Sykkylven, av dette vel 74 000 kilo storfekjøtt og 48 000 kilo sauekjøtt. Ifølgje Norkost 3 – undersøkinga eter kvar nordmann ca. 54 kg kjøtt per år. Basert på dette produserer bøndene i Sykkylven nok kjøtt til å dekke årsforbruket til om lag 2 300 personar.



**Figur 7:** Leveransedata for mjøl, Sykkylven, 2009 – 2014 (Landbruksdirektoratet)




**Figur 8:** Leveransedata for storfekjøtt, Sykkylven, 2009 – 2014 (landbruksdirektoratet)



**Figur 9:** Leveransedata for ull og sauekjøtt, Sykkylven, 2009 - 2014 (Landbruksdirektoratet)


## Syssetjing

Det vert utført 65 årsverk direkte i landbruksproduksjon i Sykkylven, av desse 30 årsverk i mjølkeproduksjon på storfe, 29 årsverk i sauehald, 3 årsverk i ammekyr og 3 årsverk i andre produksjonar. Kvart årsverk i landbruket skaper ein til to arbeidsplassar i andre tilstøytande verksemdar.



Figur 10: Syssetjing i tal årsverk (NILF)

### 6.1.8. Leigejord



Figur 11: Vesentleg større del av jord i drift er no leigd jord, også i Sykkylven, i 2014 57 % mot 34 % i 2000. (Fylkesmannen i Møre og Romsdal, Landbruksdirektoratet)



#### 6.1.9. Kommunen som landbruksmynde

Landbrukskontoret er organisert som ei avdeling i teknisk etat. Dei viktigaste arbeidsoppgåvene er rettleiing, planlegging og søknadshandsaming innanfor fagområda bygdeutvikling, arealforvaltning, tilskotsforvaltning og miljø- og ressursforvaltning i jord- og skogbruk. Kontoret har ansvar for sakshandsaming etter m.a. jordlova, skogbrukslova, odelslov og konsesjonslov.

Kontoret har frå 01.01.2015 følgjande bemanning:

- 100 % jordbrukssjef
- 30 % fagkonsulent
- 30 % skogbrukssjef

Skogbrukssjefen er delt med Stranda.

